



Lasse Andrè Dale
Melandsvegen 331
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2746 - 18/24593

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
21.11.2018

Godkjenning av søknad om jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Gbnr. 16/2 på Meland

Administrativt vedtak. Saknr: 313/2018

Saksutgreiing:

Lasse Andrè Dale søker i epostar dagsett 12.11.18 og 13.11.18 om løyve til påfylling og planering av jordmassar for å heva eksisterande terreng på Gbnr. 16/2 på Meland. Det omsøkte arealet er på ca. 3 daa og har vært nytta til slått og i dei seinare år til beite. Arealet er ei tidligare myr og er i dag ikkje mogleg å hausta maskinelt. Søker ynskjer å fylle på om lag 5000 m³ med reine stein- og jordmassar i ein høgde frå 1 - 3 meter, med høgast fylling inn mot fylkesvegen. Søker opplyser at han vil skrå terrenget for å få naturleg fall mot elva i nedre kant av arealet. Ein del av desse massane vil kome i frå utbygginga av ny kloakkleidning frå Holme-Tveit

Arealet står i dag i AR5 gardskartet som myr. Men arealet har vore nytta som slått- og beiteareal, og det er myrjord som er jordtypen på desse areala. Myrjord er den vanlegaste jordarten her i regionen. Myrjorda har eit naturleg høgt jordsvinns om følgje av naturlege prosesser, men det inneber at jordlaget vert gradvis tynnare. Dette gjer maskinell hausting vanskeleg da jordene vert meir kuperte, drenering blir dårlegare og areala dårlegare arrondert. Søkar ynskjer å fylle jord på arealet for å betra kvaliteten og for å få eit slåtteareal som kan haustas maskinelt.

Det vart i 2016 i administrativt vedtak saknr. 18/2016 gjeve løyve til det same tiltaket på det same arealet. Søkar fekk ikkje nytta dette løyve innan fristen gjekk ut, og tiltaket har ikkje starta opp. Bakgrunnen for dette var at ein ikkje rakk og få godkjent avkøyring frå Fv. 246 innan dei massane som skulle takast i mot vart flytta. Søkar opplyser at han skal i dialog med Statens vegvesen får å få på plass ein godkjent avkøyring. Då løyve har gått ut, må det søkjast på nytt for å få eit nytt løyve.

Administrasjonen har vurdert tiltaket som søknadspliktig etter ureiningsforskrifta kap. 4, §§ 4-1, 4-2 og 4-4.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vurdering:

Då myrjord har eit naturleg høgt svinn, vil tilførsel av meir jord i mange tilfelle verer eit aktuelt tiltak for å oppretthalde høg produksjon på jordbruksareal, samt sikra fortsatt maskinell innhausting. I det omsøkte tiltaket vil ein tilfellet vil ein tilføre reine stein- og jordmassar for å betre arealet og gjere det haustbart maskinelt. Administrasjonen vurderer det slik at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med arealformålet LNF. Tiltaket skal gjennomførast på ca. 3 daa og ikkje påfyllast høgare enn 3 meter enn dagens terreng, tiltaket vil difor ikkje medføre vesentleg endring av terrenget. Ved ein påfylling og planering av jordmassar er det viktig at massane blir plassert på ein tenleg måte for framtidig landbruksdrift. Arealet er planlagt nytta til slått etter forbetringa av arealet. Administrasjonen legg også vekt på at arealet framleis skal nyttast som dyrka mark når tiltaket er ferdig.

Søknaden om jordpåfylling og planering vart i 2015 sendt på høyring til kulturminnemyndighetane hjå Hordaland Fylkeskommune og Meland kommune. Administrasjonen har konferert med både Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Dei opplyser at forholda ikkje har forandra seg og at det ikkje har kome nye funn/opplysningar om moglege kulturverdiar i området. Difor er høyringssvara frå 2015 framleis gjeldane for dette området.

Hordaland Fylkeskommune hadde ingen merknader til søknaden, men ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Elles gjer Hordaland fylkeskommune merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk fredakulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Kulturavdelinga i Meland kommune hadde ingen merknader til tiltaket knytt til nyare tids kulturminne, men påpeker at det ligg eit SEFRAK-registrert bygg (byggningsnr. 176035854/SEFRAK_ID 1256 209 28) på sørsida av det aktuelle området. Og at dette ikkje må verte skadelidande av tiltaket.

Det aktuelle SEFRAK bygget ligg mellom 10 og 15 meter frå det planlagde området for påfylling og planering av jordmassar. Administrasjonen meiner at bygget ikkje skal bli råka av tiltaket slik det er planlagt, men understrekar at bygget ikkje må bli skadelidande som følge av jordpåfyllinga.

Administrasjonen har vurdert søknaden i medhald av Naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Etter ein gjennomgang av artskart, naturbase og kommunen si kjennskap til naturverdiar på Meland er det ikkje funne registrerte naturverdiar på området eller i nærleiken jf. § 8. Men bekken i nedre kant av området er ein sidebekk til Mjåtveitelva (jf. § 8). Det er difor viktig at når tiltaket vert utført at det vert gjort på ein skånsam måte for å hindre unødig avrenning frå jordmassane til vassdraget. Det må lagast ein voll eller liknande for å hindre avrenning eller utgliding av masser til vassdraget. Denne må ikkje leggast nærmare vassdraget enn 2 meter. Vidare er det viktig at det ikkje blir påført jordmassar i dei 2 nærmaste meterne til vassdraget, for å hindre unødig avrenning. Vidare bør det såast til i massane mens dei vert flytta på internt i området, sjølv om det ikkje er endeleg plassert. Dette for å hindre avrenning. Administrasjonen meiner det ligg føre nok informasjon om naturverdiar på Meland, og at føre-var prinsippet ikkje gjer seg gjeldane, jf. § 9. Tiltaket vil kunne bidra til utbygginga i området, men administrasjonen legg vekt på at planlagd bruk på arealet, er som dagens bruk, jf. § 10. Det har vore landbruksaktivitet på arealet i lang tid. Administrasjonen meiner etter ein samla vurdering, at tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i NML §§ 8-12.

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje vil føre til ulempe for naboar eller for trafikkantar ved at området ligg ned i terrenget og at det er lite synleg i terrenget. Administrasjonen meiner omfanget av tiltaket i liten grad vil gje trafikale ulemper. Samstundes meiner administrasjonen at det viktig å finne områder for permanent plassering av overskotsmassar frå prosjekt som til dømes ny kloakkleidning frå Holme til Tveit, som ligg nært dei områda som skal gravast opp. Dette for å redusera transportlengde og kostnader. Det vert stilt som vilkår for eit løyve om påfylling og planering at godkjent løyve til avkøyning frå Statens vegvesen må liggja føre, før tiltaket kan starte.

Administrasjonen meiner ein samla vurdering at tiltaket er eit godt og viktig tiltak for å sikra eit godt produksjonsgrunnlag på garden. Søkjar har nylig starta opp att drifta på garden og planelegg og auka dyretallet framover. Dette vil krevje meir areal som kan nyttast til slått og beite. Administrasjonen ser det som positivt at areal som har vore nytta tidligare fortsatt blir drivi, og at det er positivt at ein ynskjer å forbetre jordbruksareala. Samstundes vil gjennomføringa av tiltaket på dette området ikkje medføre negative konsekvensar for omkring liggande område. Det vil vere viktig å hindre unødige avrenning i anleggsfasen av tiltaket, og det må gjerast tiltak for å sikra at massar eller partiklar havnar ut i bekken.

Vedtak

"Meland kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på gnr. 16 bnr. 2 på Meland i Meland kommune. Løyvet gjeld berre for omsøkt areal på ca. 3 daa avmerka på kart, og tiltaket skal gjennomførast innan 01.12.2021.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Lasse André Dale står sjølv ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
- Det må berre køyrast på reine jord- og steinmassar. Kvart lass skal så langt så råd vere dokumentert.
- Køyning til anlegget skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.
- Tiltaket skal sikrast mot avrenning, slik at det ikkje kjem avrenning ned i bekken. I nedbørrike periodar må det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
- Dei nærmaste 2 metrane ut til elva i nedre kant av området skal ikkje påfyllas med jord- eller steinmassar.
- Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg.
- Det må visast omsyn til SEFRAK-registret bygning på sørsida av området, slik at denne ikkje blir skadelidande.
- Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
- Meland kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning til bekken.
- Meland kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i Forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt §§ 4-4, 4-5,4-6 og 4-8."

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartvedlegg Gbnr. 16-2

Mottakere:

Lasse André Dale

Melandsvegen 331 5918

FREKHAUG